



Møre og Romsdal fylke



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	16.11.2007	FM: 2007/6399/ASME/544	Åshild Melkeraaen, 71258148	19.02.2008

Alminnelig høyring - ny lov om dyrevelferd- uttale frå Møre og Romsdal fylke.

Vi viser til framlegg til høyring om *Lov om dyrevelferd*, utsendt frå Landbruks- og matdepartementet 16.11.2007, med frist for høyring 18.02.2008.

Departementet ber særskild om synspunkter på om kor omfattande varslingsplikta bør vere, og om tilsynsmodellen der Mattilsynet og dyrevernemnder har ansvar, bør førast vidare.

Vi vil i det følgjande kommentere paragrafar i framlegget som vi meiner er viktige, og der det etter vårt syn er naudsynt med endringar/ tillegg.

§5. Varsling

Departementet ber særskild om synspunkt på denne paragrafen. Det blir foreslått at alle har varslingsplikt når det er grunn til å tru at dyr blir utsett for mishandling eller alvorleg svikt i miljø, tilsyn og stell. Dette gjeld òg helsepersonell som er underlagt teieplikt. Møre og Romsdal fylke meiner det er positivt at varslingsplikta blir gjort generelt gjeldande. Det er òg positivt at all tvil fjernast om at personell som gjennom andre lovverk er underlagt teieplikt ikkje skulle kunne nytte varslingsretten. Dette er i tråd med intensjonen i lova om at dyr har ein eigenverdi, og krav på vern av sine interesser.

§ 12. Avliving

Å hindre at dyr blir utsette for stress, skade og smerte i ein avlivings situasjon, bør vere overordna alle andre omsyn. Derfor er det positivt at det er heimla i lova at dyr som haldast i varetekt, skal bedøvast før eller samstundes med avlivinga. Vi merker oss at dette skal vere eit krav også ved religiøst betinga slaktning. Det bør ikkje vere høve til å dispensere frå denne paragrafen, og siste setning, "*Kongen kan gjøre unntak frå bestemmelsene i andre ledd*", bør derfor fjernast.

§ 23. Tilsyn, stell, føring

Dyreholdar har ansvar for å beskytte dyr mot skade, sjukdom, parasitter, predatorar og andre farar (pkt. c). Ein svært stor del av sau på utmarksbeite i Norge er organiserte i

beitelag der ein vil kunne dele på ansvar og arbeidsbyrde i samband med tilsyn og praktiske innretningar. Det bør kome fram i teksten at ein slik organisering aksepterast.

§ 32. Tilsyn og vedtak

Høyringsinstansane er bedne spesielt om å kommentere korleis ein meiner at tilsynsmyndigheita skal organiserast. I dag blir tilsynet ivareteke både av Mattilsynet og av dyrevernsmemnder. Framlegget til lovtekst gir høve til å delegere mynde til andre offentlege eller private organ, og avgjere kven som er klageinstans i slike tilfelle. Dette gjer det mogleg å oppretthalde dyrevernsmemndene dersom det er ønskeleg.

Vi meiner Mattilsynet har kompetanse til å fatte rette vedtak etter lova. Dette vil mest truleg føre til raskare sakshandsaming enn om sakene skal handsamast i rettsvesenet. I dyrevernsmemndene vil det vere representert folk med god kjennskap til lokalmiljøet. Dette vil kome Mattilsynet til nytte i arbeidet dei skal gjere. I små lokalsamfunn kan vi imidlertid finne at det av og til ikkje er tilstrekkeleg avstand mellom personane som sit i dyrevernsmemndene og den tiltaket eventuelt skal rettast mot, og at dette kan vere eit problem ved utøving av tilsynet. Vi meiner likevel at organiseringa med dyrevernsmemnder der Mattilsynet er sekretariat, bør oppretthaldast.

Det blir føreslege at det kan fattast vedtak om beiterestriksjonar for å verne husdyr mot rovvilt. Dyreeigar vil ha rett til økonomisk kompensasjon dersom dette blir vedteke. Dette er eit vanskeleg del av lovframlegget, sidan konfliktane er store, langsiktige løysingar manglar, og situasjonen uavklart i mange område. Vi meiner likevel at beitenekt i visse høve kan vere naudsynt som tiltak, som ein siste utveg etter at alle andre moglege førebyggjande tiltak er prøvd. Det er viktig at det blir understreka i lovteksten at slikt vedtak berre skal fattast i akutte situasjonar, ikkje som ei varig ordning, utan at det blir gitt erstatning for tap av beiterett. Dersom det blir vedtak om varig beitenekt i eit område, er dette ein svært alvorleg avgjerd, og det må i tilfelle gjerast ein grundig konsekvensutredning i framkant der både landbruks- og miljøvernmyndigheiter er involverte. Det bør lovfestast at alle avgjerder Mattilsynet skal ta om beiterestriksjonar, skal takast i samarbeid med desse instansane.

Det er positivt at det skal vere automatikk i at det blir utbetalt økonomisk kompensasjon. I kommentarane til paragrafen blir det hevda at det ikkje skal gjevast økonomisk kompensasjon ved kortvarige vedtak. Dette er vi sterkt ueinige i. Kompensasjon må gjevast uansett lengde på vedtaket.

Mattilsynet har lite faste haldepunkt i lovteksta for å kunne vurdere når tiltaket skal settast i verk. For at det skal bli lik handsaming av saker over heile landet, er det viktig at det vert utarbeidd forskrift der vilkår vert fastsett, t.d. kor store tapa kan vere.

Med helsing


Ottar Longva
Fylkesjordsjef


Åshild Melkeraaen
Fylkesagronom